



Bygdeutvikling

SVR Alf Odden
Sandsvegen 122
4230 SAND

Dykkar ref.

Vår ref.
18/744-2 18/13656
Turi Ottersland Tjøstheim

Arkivkode:
K2 - K40

Dato:
11.10.2018

UTTALE FRÅ SULDAL KOMMUNE - BESØKSSTRATEGI FOR SVR

Me vurderer høyringsdokumentet som ein grundig og godt gjennomtenkt strategi. Målsettingane for planen der ein ivaretek verneverdiar, besøkande og lokal verdiskaping er gode og viktige forutsetningar. Punktet med å gi barn og unge gode opplevingar i heiområde og auka forståing for vernet er også noko vi vil vere med å understreke viktigheten av. Samt at dersom det er motstrid mellom å ta vare på verneverdiane på eine sida og tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping på den andre sida, støttar me at det å ta vare på verneverdiane bør vege tyngst.

Når det gjeld «våre» områder og interesser innan verneområde støttar kommunen opp om stadene som er vald og vurderingane som er gjort. Dette med tanke på både tiltak og strategiske plasseringar. I tillegg vil me peike på Gullingenområdet og vegen inn til Blåsjø. I strategien er denne vegen vurdert som ein mykje besøkt anleggsveg som kan lede besøkande heilt inn i Steinbuskardområdet kor ferdselen allereie er kritisk i høve til villreinen sine trekk i området.

Ein kan òg køyre inn til Skreivasskleivane der vegen går gjennom til dels viktige områder for villreinen, spesielt er Slettedalen utsett område. Slik er administrasjonen eining i vurdering om at dette er sårbare områder for villreinen. På ein anna side er Gullingenområdet, Blåsjø og Førrevassdammen viktige områder for reiselivet. Denne vegen går òg forbi Øvre Moen som blant anna er utgangspunkt for populære gåturer til Stranddalen turisthytte. Dette gjer Gullingen eller Øvre Moen til aktuelle plasser som informasjonspunkt for verneområdene. Der ein kan nå eit bredt publikum og opplyse om verneområde, villreinens sårbarhet og gje besøkande/fotturistar råd om korleis ein bør opptre i eventuelle møter med desse dyra. Suldal kommune ber om at Gullingen/Øvre Moen blir vurdert som informasjonspunkt i besøksstrategien. Då me meiner dette bør kunne gjerast på ein slik måte at ein ikkje kjem i konflikt med villreinen.

Med helsing

Endre Gjil
bygdeutviklingssjef

Turi Ottersland Tjøstheim
Rådgjevar

Postadr.
Eidsvegen 7, 4230 SAND
Besøksadresse
Garaneset

Sentralbord
52 79 22 00
Direkte tlf.
52 79 24 02

Telefaks
52 70 24 05
E-post
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro

Org. nr.

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.